

SULA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Onsdag, 16.01.2019 kl. 14.00 i kontrollutvalsekretariatet sine lokaler,
Lerstadvegen 545**

SAKLISTE:

- Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.10.2018
- Sak 02/19 - Revisjonsstrategi 2018 for Sula kommune.
- Sak 03/19 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til forvaltningsrevisjon.
- Sak 04/19 - Oppdatert orientering frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.
- Sak 05/19 - Møteplan 2019 for Sula kontrollutval.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Ronny Harald Blomvik
leiar
(sign.)

Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.10.2018

KONTROLLUVALET I SULA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 24.10.2018, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Geir Ove Vegsund.

Elles til stades:

Sverre Østrem, Asbjørn Tryggestad og Inger Øien.

Ikkje meldt forfall: Ronny Blomvik.

= 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Knut G. Alnes, Svein Ove Otterlei og Solrun Aannø Tusvik.

Frå Sula kommune møtte rådmann Leon Aurdal og økonomisjef Britt Blindheim.

Det var ingen merknader til innkalling og saklista blei godkjent.

Sak 10/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå møte 22. mai 2018 blir godkjent.

Sak 11/18 - Rekneskapsrevisjon 2017 for Sula kommune – oppfølging av enkelttema.

Innstilling datert 17.10.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Sak 12/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019.

Sakspapirer datert 17.10.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Nestleiar Geir Ove Vegsund fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag til vedtak:

Sula kontrollutval vel kommunens investeringsbudsjett som tema for Forvaltningsrevisjon og ber Kommunerevisjon3 kome attende til neste møte i utvalet med forslag til konkret prosjektplan.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval vel kommunens investeringsbudsjett som tema for Forvaltningsrevisjon og ber Kommunerevisjon3 kome attende til neste møte i utvalet med forslag til konkret prosjektplan.

Sak 13/18 - Budsjettforslag 2019 – Sula kontrollutval.

Innstilling datert 17.10.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Sak 14/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Sakspapirer datert 17.10.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Eventuelt:

Rådmann Leon Aurdal og økonomisjef Britt Blindheim ga ei kort orientering om budsjettprosessen 2019 i Sula kommune.

Møtet blei avslutta kl. 15.45

Neste møte blei avtalt til **onsdag 16. januar 2019, kl. 14.00**, Lerstadvegen 545.

Geir Ove Vegsund
nestleiar
(sign.)

Sverre Østrem
medlem
(sign.)

Inger Øien
medlem
(sign.)

Asbjørn Tryggestad
medlem
(sign)

Sak 02/19 - Revisjonsstrategi 2018 for Sula kommune.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3 datert 29. oktober 2018.

Bakgrunn:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og -strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidligare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på. Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Kontrollutvalet bør vere kjent med dei ulike aktivitetane som revisor gjennomfører i samband med rekneskapsrevisjonen.

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet, kalt overordnet revisjonsstrategi 2018. Rapportene legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapportene står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018 for Sula kommune og påpeiker viktigheta av at dette blir teken med vidare.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI – SULA KOMMUNE - 2018

INNLEIING

I Internasjonal revisjonsstandard ISA 300 – Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7, går det fram at:

«Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gir veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen».

KARAKTERISTISKE TREKK VED OPPDRAGET

Årsrekneskapen omfattar kommunen si verksemd. Kommunen deltek i interkommunale samarbeid/selskap. Desse utarbeider egne rekneskap som blir revidert særskilt.

Det er eit komplekst regelverk som gjeld for alle forvaltningsområda i kommune. Det meste av aktiviteten er regulert i lov- og forskrift, og eventuelle endringar i lovverk, statlege pålegg og liknande vil påverke kommunen. Rammevilkåra er etter vår vurdering ikkje sterkt endra frå 2017 til 2018.

Komrev3 IKS har revidert kommunen over lang tid, og har gjennom dette opparbeidd god kunnskap om oppdraget.

KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Komrev3 IKS skal legge vekt på å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året skal det vere ein kontinuerleg dialog med mellom anna økonomiavdelinga. Ved vesentlege forhold vil ein sikre ein god dialog med rådmannen. Det vert gjennomført eit møte med rådmann og økonomisjef i samband med planlegging av revisjonen.

Revisjonsmelding skal vere avlagt seinast 15.04.2019. Dersom noko blir avdekka jf. revisjonsforskrifta § 4, vil dette bli rapportert utan opphald i nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen innan fristen for revisjonsmeldinga.

Dersom det elles gjennom den ordinære revisjonen vert avdekka forhold som er av ein slik art at det skal sendast brev, vil dette bli gjort fortløpande. Annan informasjon og rapportering til kontrollutvalet vil bli vurdert kontinuerleg.

REVISJONSTEAM

Revisjonsselskapet har sett til at revisjonsteamet si samansetning bidreg til å sikre at oppdraget blir gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Arbeidet blir utført av revisjonsteam som er sett saman av:

Sula kommune:

Oppdragsansvarleg revisor: Knut G. Alnes

Teammedlemar: Solrun Tusvik

Revisjonsteama har tilstrekkeleg kompetanse til å revidere oppdraget. Ved behov vil både dagleg leiar og andre revisorar bli meir involvert i revisjonen av oppdraget. Ved behov for ytterlegare spesialkompetanse vil det bli vurdert særskilt.

VURDERING INNLEIANDE HANDLINGAR

Vår vurdering er at det i all hovudsak er kontinuitet i oppdraget Sula kommune. Kommunen har dei siste åra hatt gode økonomiske resultat og økonomien må reknast som god. Kommunen har likevel høg lånegjeld og blir dermed sårbar for ei eventuell renteauke.

REVISJONSÅRET

Revisjonen blir delt i 3 fasar: Planlegging, interimsrevisjon og årsoppgjørsrevisjon.


	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April
Planlegging og oppstart av nytt år												
Interimsrevisjon - testing av rutinar												
Årsoppgjørsrevisjon												
Attestasjon momskompensasjon												
Attestasjonar												

OMRÅDE

Ut frå førebelse identifiserte risikoområde, samt rullering av fokusområde, blir det mellom anna sett meir på følgjande i rekneskapsrevisjonsåret 2018 (lista er ikkje uttømande)

- Salgsområdet - utfakturering kommunale avgifter
- Innkjøp – attestasjon, anvisning, delegering
- Overføringsområdet
- Rutinar for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling

Ålesund, 29. oktober 2018


Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar


Knut G. Alnes
oppdragsansvarleg revisor

Sak 03/19 - Prosjektplan frå Kommunerevisjon 3 til forvaltningsrevisjon.

Vedlegg: forslag til prosjektplan frå Kommunerevisjon 3, datert 11. desember 2018

Bakgrunn:

Frå møteboka til Sula kontrollutval:

Sak 12/18 - Val av tema for Forvaltningsrevisjon 2019.

Sakspapirer datert 17.10.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Nestleiar Geir Ove Vegsund fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag til vedtak:

Sula kontrollutval vel kommunens investeringsbudsjett som tema for Forvaltningsrevisjon og ber Kommunerevisjon3 kome attende til neste møte i utvalet med forslag til konkret prosjektplan.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sula kontrollutval vel kommunens investeringsbudsjett som tema for Forvaltningsrevisjon og ber Kommunerevisjon3 kome attende til neste møte i utvalet med forslag til konkret prosjektplan.

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå Kurt Løvoll ved Kommunerevisjon 3. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Kontrollutvalet i Sula kommune bør derfor vedta forslag til plan og starte opp arbeid med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

Innstilling til vedtak:

Kontrollutvalet igangsetjar arbeidde med ein forvaltningsrevisjon av investeringsbudsjettet i Sula kommune i henhold til vedlagte prosjektplan.

Bjørn Tømmerdal
Dagleig leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

12. desember 2018

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Investeringsbudsjettering i Sula kommune

PROSJEKTPLAN

Sula kontrollutval vedtok i sak 12/18 *Val av tema for forvaltningsrevisjon 2019* følgjande:

«Sula kontrollutval vel kommunens investeringsbudsjett som tema for Forvaltningsrevisjon og ber Kommunerevisjon3 kome attende til neste møte med forslag til konkret prosjektplan.»

Investeringsrekneskapen for 2017 viste eit stort budsjettavvik ved at det vart investert for 185,1 mill. kroner mot budsjettert 346,4 mill. kroner. Opphavleg vedteke investeringsbudsjett var 75,7 mill. kroner.

Tilsvarande tal for 2016 var investert 128,7 mill. kroner mot budsjettert 367,3 mill. kroner. Opphavleg vedteke investeringsbudsjett var 99,3 mill. kroner.

1. PROBLEMSTILLINGAR

Prosjektet vil ha følgjande hovudproblemstillingar:

Har Sula kommune tilstrekkelege rutinar for å sikre at det ligg føre godt nok grunnlag for investeringsbudsjettvedtak, og blir desse rutiane eventuelt følgde?

Har Sula kommune tilstrekkelege rutinar for å sikre at vedteke investeringsbudsjett blir gjennomført, og blir desse rutiane eventuelt følgde?

2. REVISJONSKRITERIER

Revisjonsforskrifta angir at det skal etablerast revisjonskriterier for kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er dei krav eller normer som dei innsamla data vert vurdert opp mot. Desse skal vere grunnleggjande, og utleia frå autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon. Ein kan også leggje til grunn det ein må tru at det ikkje er usemje om.

Kommunelova legg ansvaret for at saker er forsvarleg utgreidd og at vedtak blir gjennomført til rådmannen jfr. § 23-2. Det inneber at rådmannen må ha nedfelt eit sett med prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente gode grunnlag for budsjettvedtak og god budsjettstyring.

Frå departementet ligg det føre rettleiarar «*Budsjettering av investeringer og avslutning av investeringsregnskapet*». Det vil også vere naturleg å leggje denne til grunn ved val av revisjonskriterier.

I rettleiaren går det mellom anna fram følgjande rammer for budsjettering av investeringar:

- Investeringsbudsjettet er eittårig, altså årsavhengig.
- Årsbudsjettet er bindande for underordna organ, og det er naudsynt med årlege løyvingar for å kunne pådra utgifter i budsjettåret.
- Investeringsbudsjettet må regulerast ved behov for å tilfredsstille krav til balanse og realisme.

Dersom det skjer endringar i budsjettåret som har innverknad på dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet er bygd på, skal kommunestyret vedta naudsynte endringar i budsjettet.¹ Kravet til budsjettregulering gjeld også for enkeltprosjekt etter nivå for budsjettvedtak. Det inneberer at forseinkingar eller forseringar av investeringsprosjekt som påverkar kommunestyret sine løyvingar, må bli innarbeidd i revidert budsjett når avvika tilseier dette. Tilsvarande er gjeldande for forventningar om auke/reduksjon i utgifter eller inntekter.

Årsbudsjettet skal vere realistisk og blir fastsett på grunnlag av dei inntekter og utgifter som kommunen kan forvente i budsjettåret. Investeringsprosjekt som går over fleire år skal i budsjettsamheng løyvast over fleire år. Fordelinga mellom år skal vere realistisk, og det er ikkje høve til å budsjettere total kostnadsramme i år 1 for eit prosjekt som går over fleire år.

Rådmannen skal gjennom budsjettåret legge fram budsjetttrapper for kommunestyret². Det er vanleg å rapportere kvartalsvis eller tertialvis.

Det blir etter dette føreslått følgjande revisjonskriterier:

- Løyvingar til investeringsprosjekt skal vere eittårige og realistiske. Det er berre investeringar som er forventa å bli gjennomførte innanfor det einskilde året, som skal budsjetterast det aktuelle året.
- Ved vesentlege endringar i inntekter og utgifter vedkomande investeringsprosjekt bør det gjennomførast nødvendige endringar i budsjettet.
- Det bør vere system og rutinar på rapportering om status på investeringsprosjekt til administrativ og politisk leiing, og desse rutinane bør bli følgde.
- Det bør rapporterast til politisk nivå om økonomisk status for investeringsprosjekt minimum to gonger i året.
- Det bør vere system og rutinar på utarbeiding av investeringsbudsjett som sikrar godt grunnlag for politisk handsaming og budsjettvedtak.

3. METODE OG GJENNOMFØRING

Undersøkinga baserer seg på Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon.

Kommunerevisjonen vil foreta dokumentanalyse av kommunen sine eigne rutinar/retningsliner vedkomande temaet i dette prosjektet. Vi vil også gjere ein

¹ Jf. kommunelova §47

² Jf. budsjettforskrifta §10

gjennomgang av kommunen sine budsjett-, rekneskap- og budsjettoppfølgings-saker og eventuelle andre saker som gjeld investeringar i kommunen.

Det er i dette prosjektet tenleg å gjennomføre intervju med rådmann, økonomisjef, controllar og leiar Teknisk sektor. I tillegg vil det bli gjennomført intervju med andre dersom ein ser at det er naudsynt.

Prosjektet vil bli gjennomført i tråd med følgjande framdriftsplan:

- Startmøte med rådmann
- Gjennomgang av investeringsbudsjett 2016-2018
- Gjennomgang av rutinar og retningslinjer og aktuelle politiske saksdokument/vedtak
- Intervju med sentrale personar
- Utarbeiding av rapport
- Sluttmøte med rådmann

Det er vår vurdering at dette skal gje eit tilstrekkeleg grunnlag for å kunne svare på problemstillinga.

4. TIDSPLAN

Prosjektet inneheld førebuingar, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data, utarbeiding av rapport og kvalitetssikring.

Ein tek sikte på eit startmøte med rådmannen innan utgangen av januar 2019.

Eit høyringsutkast til rapport er planlagt å ligge føre medio april 2019. Det er vanlegvis ein høyringsperiode på tre veker etter dette.

Kurt Løvoll
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Svein Ove Otterlei
Forvaltningsrevisor

Sak 04/19 - Oppdatert orientering frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 12. november 2018.

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggest fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørgje for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Innstilling til vedtak:

Sula kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat
Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar

Sula kontrollutval

Vår sakshandsamar:
Kurt Løvoll

Vår dato:
12.11.2018
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

Vi viser til vårt brev datert 10.09.18 der vi m.a. signaliserte at vi ville kome attende med ytterlegare informasjon om forhandlingar om mogleg fusjon/danning av nytt selskap etterkvart som det låg føre.

Det vart fatta om lag likelydande vedtak i representantskap i Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS om å gå i forhandlingar, medan Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS takka nei til å vere med i forhandlingar.

Det vart avhalde avsluttande forhandlingsmøte mellom forhandlingsutvala i dei 2 selskapa 7. november. Frå vårt selskap deltok ordførarane i Skodje, Giske og Sula i tillegg til styreleiar, konstituert dagleg leiar og tilsettrepresentant. Frå MRRevisjon deltok ordførarane i Molde og Kristiansund, varaordføraren i MRFylke i tillegg til styreleiar, dagleg leiar og tilsettrepresentant.

Hovudpunkt i det forslaget ein vart einige om å leggje fram til vidare handsaming var:

- Danning av samvirkeføretaket «Møre og Romsdal Revisjon SA»
 - Samvirkemodellen blir foreslått då den er vurdert til å i størst grad ivareta dei behov både eigarar og selskap vil for styring og drift av nytt selskap. Eit samvirkeføretak er ein medlemsmodell der det berre er innskotskapitalen kommunen heftar for. I eit IKS derimot heftar eigarane til saman for selskapet sine totale forpliktingar i høve sin eigardel, og eit IKS kan difor ikkje gå konkurs.
- 3 like store (tal på tilsette) kontor i byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Mao skal kontorstrukturen slik den er no, vidareførast.
 - Sikrar at kommunane har kompetanse og bemanning i nærleiken. Det skal vere både forvaltningsrevisorar og rekneskapsrevisorar på alle kontora. Kapasitet på forvaltningsrevisjon vil bli auka.
- Hovudkontor i Kristiansund

- MRRev har allereie sitt hovudkontor i Kristiansund, og det er vurdert slik at det fungerer godt slik det er.
- Fakturering etter medgått tid
 - MRRev går over på dette i 2019, og det blir foreslått at dette skal gjelde for det nye foretaket frå dag 1, altså 01.01.2020 ved opprettinga av selskapet. Det inneberer kvartalsvise avrekningar ut frå kva som faktisk er utført for den enkelte kommune/kunde.
- Innskotskapital for våre eigarkommunar blir dekt av akkumulert overskot i Komrev3 – det blir mao ikkje ekstra utgifter for våre kommunar til danning av foretaket. Likevel vil kommunane sannsynlegvis måtte forskottere eigenkapitalinnskot i det nye selskapet, før dei mottar tilbakebetalinga frå Komrev.
- Eigarkommunane er i utgangspunktet ansvarlege for pensjonsforpliktingane i Komrev3 IKS. Det blir foreslått at forpliktingane som gjeld tidlegare tilsette i selskapet blir overført til kommunane ved danning av nytt foretak. Dette vart gjort då Møre og Romsdal Revisjon IKS vart danna, og denne løysinga gjer at det blir lik fordeling av forplikningar mellom distrikta i eit nytt selskap.

Dersom dette forslaget blir vedteke inneber det ikkje endring i revisjonsordning. Men det vil innebere at det blir oppretta eit nytt foretak, og dermed ny revisor. Det er kontrollutvala som gir innstilling på val av revisor, også i kommunar som er i ferd med å slå seg saman.

Kommunerevisjonen har forsøkt å halde kontrollutvalssekretariat og kontrollutval kontinuerleg orientert om prosessen også for å få innspel undervegs.

Med helsing

Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar

Sak 05/19 - Møteplan 2019 for Sula kontrollutval.

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn. Ein bør unngå at det går så lang tid frå eit møte til det neste at sakene som kjem opp mistar sin aktualitet. Sjølv om mindre kommunar handsamar færre saker enn større kommunar, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet i Sula kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2019:

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat